



i Indre Hardanger , postboks 261, 5751 ODDA

Til Helse Fonna og Helse Vest

Høyringsfråsegn frå LO i Indre Hardanger.

STYRK ODDA SJUKEHUS – NEI TIL AVVIKLING AV AKUTTKIRURGISK BEREDSKAP!

LO i Indre Hardanger (tidlegare Odda og Omland faglige Samorganisasjon) har kjempa for eit fullverdig lokalsjukehus i Odda ei rekkje gonger heilt sidan 1973, då Statens Sjukehusråd foreslo å leggje ned Odda sjukehus og fleire andre mindre sjukehus i landet. Sidan har det ,utan hell, vore ei rekkje forsøk på å fjerne akuttberedskapen og intensivavdelinga i Odda. Den lokale motstanden har kvar gong vore altfor stor. Utan desse kampane, hadde sjukehuset i Odda blitt avvikla som eit fullverdig lokalsjukehus. Innbyggjarane i Odda lokalsjukehusdistrikt har same rett til grunnleggjande tryggleik for liv og helse som dei som bur i sentrale strok. Med store avstandar til større sjukehus, rasfarlege vegar og dårleg vær for helikoptertransport, er det livsviktig å halde oppe den akuttkirurgiske og akuttmedisinske beredskapen, anestesian, intensivten og alle andre støttefunksjonar. Vi vil minne om at Odda sjukehus har hatt akuttkirurgisk beredskap heilt sidan starten i 1918!

LO i Indre Hardanger er glad for alle forslag i Prosjekt Odda sjukehus som vil styrke sjukehuset gjennom fleire desentraliserte funksjonar. Men dette må kome i tillegg til – ikkje erstatte - den akuttkirurgisk beredskapen. Vi legg avgjerande vekt på dei samstemte faglege vurderingane frå legane, sjukepleiarane, ambulansesjåførane og anna helsepersonell ved Odda sjukehus - framfor vurderingane frå godt betalte helsebyråkratar som verken bur i vårt distrikt eller vil oppleve at deira liv og helse i framtida står på spel her vi bur.

LO i Indre Hardanger har merka seg at leiinga ved Odda sine to store industriverksemdar, Boliden Odda AS og Tizir AS har omtala Odda Sjukehus som "ein hjørnestein for tryggleik og beredskap». Dette sluttar vi oss heilt til.

LO i Indre Hardanger har handsama denne saka både i styret og i representantskapet vårt. Vi tok initiativ til stormønstringa for Odda sjukehus

den 16.februar. 2500 møtte fram for å vise sin støtte til folkekravet: Nei til kutt i akuttkirurgien! Dette viser at heile distriktet brenn for Odda sjukehus, Vi vil vere med på å vidareutvikle sjukehuset vårt - istaden for å byggje det ned.

LO i Indre Hardanger viser til tverrpolitiske fråsegner frå kommunestyra i Odda, Ullensvang og Jondal, frå Hardangerrådet og frå ei lang rekkje organisasjonar i og utanfor LO, og frå heile næringslivet. Desse samstemte råda frå lokalsamfunnet må styret i Helse Fonna og Helse Vest leggje avgjerande vekt på. I motsatt fall vil vi løfte saka opp på den rikspolitiske dagsorden for at folkeviljen i Indre Hardanger nok ein gang skal vinne fram i denne saka.

LO i Indre Hardanger v/ Terje Kollbotn (leiar)